

Bordalen og Kvitli Grunneigarlag
v/leiar David Skjerveren
Sonve 16,
5708 Voss Tlf 99207170

Norges vassdrags- og energidirektorat.

Kvanndalsvassdraget - Høyringsuttaalelse

Me er gjort kjent med at grunneigarane i Folkedal og Hardanger Energi vil leggja Kvanndalselva i røyr. Eit av fleire forslag til Hardanger Energi. Det er ikkje fyrste gong dei er ute og fosøkjer å tilrana seg vatn frå Kvitlar- og Bordalsfjella. Dei har tidlegare prøvd seg med både med Grønlivatne og Langsetvatne, men her måtte dei gje tapt.

Vatnet til Kvanndalselva kjem i hovedsak frå Bordalsfjella. Ei av hovudkjeldene kjem heilt frå Veskreshorga til Hanslavatnet, vidare til Øyaset og Almeningane før det kastar seg ut over Kvanngilsfossen og vidare nedover dalen. Furuvatne er ei anna kjelda. Herdebreida den tredje med Kvitaonæ som har store vassføringar frå heile austsida av dette fjellet. For ikkje å snakka om alt vatne som kjem frå Kistenuten i Saltgroa/Kyljo som går forbi Brennevinsteinane og andre grøve, Der forsvinn vatnet inn i Granvin. Det er Boralen som er kjelda til alt dette vatnet. Me er ikkje blitt gjort kjende med det før i dag, og må sei at me er vonbrotne over våre naboar i sør. Bordalsvassdraget er verna, men me er litt usikkre på om det gjeld alt vatnet som går sør?

Med å leggja elva i Kvanngila i røyr vil Kvanngila som naturperle med alle sine planteartar og frodige natur forsvinna. Mange av oss har vandra øverst i dalen nedover mot Holstø og vidare nedover. Det er ein trolsk følese, med bratte heng, fossande vatn og eit planteliv lik ein tropisk urskog. Men det ensar vel ikkje Hardanger Energi som trur at fellesressusane kan gje litt lommerusk som inntekt, før dei sel det til utanlandske kapitaleigarar.

Me kan ikkje akseptera at vatnet som fell på ned år grunn vert teke ut til kraftproduksjon i Hardanger. Det er og viktig at Kvanngila vert bevart med sitt naturmangfald og fossande vatn til gleda og for våre etterkomarar.

Bordalen 5. nov 2017

Bordalen og Kvitli Grunneigarlag
David Skjerven s.
Leiar

NB: Dette har og vert eit innlegg i avisa Hordaland, men litt redigert.
Kopi til Bordalen og Kvitlar grunneigarlag